




Bergens Tidende



www.bt.no

ÅRETS AVIS

LØSSALG KR 20



Illsinte iranere satte gater i kok

TEMPERATUREN i Teheran stiger etter mistanke om valgfusk. Politiet slo hardt ned på demonstranter i går.

SIDE 14-15, DEL 1

Ber naboene gi mishandlede hjelp

ENKELTE norske menn slår, voldtar og låner ut sine utenlandske kvinner. Krise-senteret ber naboer, venner og familie gripe inn og hjelpe disse kvinnene.

SIDE 4-5, DEL 1

Familie husløs etter storbrann



TO REKKEHUS i Krøne-gården i Bergen tok fyr sent i går kveld. En familie er blitt husløs.

SIDE 10, DEL 1

kommentar

Asbjørn
Kristoffersen



Eg er ein slags
reservemuslim

SIDE 3, DEL 1

Straumkundar taper millionar

Har ikkje avtale med fast kraftleverandør ■ Får straffeavgift

Over 50.000 husstandar har ikkje teikna kontrakt med ein fast kraftleverandør. Dermed må nettselskapet skaffa dei straum. Og det skal dei ha betalt for: Til saman 30 millionar kroner i året.

Forbrukarrådet meiner at kundar som betaler for mykje stort sett har seg sjølve å takke. – Dei som ikkje er vakne nok til å skaffe seg kraftleverandør, er det ikkje synd på, seier fagansvarleg Olav Nyhus.

SIDE 7, DEL 1

Best uten bane



VOSS CUP: For guttene på Sædalen Super er det ingen selvfølge å spille fotball. De har ingen bane og må dra til Søfteland for å trene. Likevel slo de Brann 3-0. Her stormer Markus Johannessen (10), Nicolai Oa (10) og Ulrik Fredriksen (9) frem etter scoring.

FOTO: MARTIN EILERTSEN

BERGENS TIDENDE, KRINKELKROKEN 1, BERGEN.
SENTRAL/IKKE FÅTT AVISEN: 05500 før kl. 10.00

DEL 1: LEDER 2-3 | NYHETER 4-10 | ØKONOMI 12-13 | UTLAND 14-19 | EIENDOM 20 | STILLING LEDIG 22 | KUNNGJØRINGER 23 | SPORT 26-35 | VÆRET 36
DEL 2: TETT PÅ 6-9 | RUBRIKK 12 | DEBATT 25-26 | MØTER/UNDERHOLD 17 | KULTUR 28-31 | RADIO/TV 33-35

Umbro t-shirt til junior
Modell: Essent print tee
Str. 6 - 14 år
Tilbudet gjelder farge: tomato
og true blue. Maks 2 t-shirt pr. Kunde!

MANDAG
15
Juni

TIRSDAG
16
Juni

Laguneparken - Åsaneparken - Sartorparken

2 dagers Supertilbud!

50,-

Partikjøp!

SUPER

* Finner du denne varen billigere et annet sted i kampanjeperioden, så vil vi gi deg differansen tilbake, cash kontant. Husk kvittering.

GARANTI BEST PRIS
PÅ UTVALGTE VÅRE*

VEIT DU KVEN SOM ER DIN KRAFTLEVERANDØR?



ODDVARD DAHL (68), HELLEØY I ØYGARDEN
– Det er Fjordkraft, det. Eg har ikkje gjort noko aktivt for å velje. Dei berre følgde med då Nordhordland kraftlag forsvann.



STIAN KROGH (33), SOLHEIMSVIKEN
– Ja, det veit eg. NorgesEnergi. Eg leigar, men husverten min bytte til NorgesEnergi etter å ha fått eit tilbod frå dei.



LINDA FRANTZEN (29), TERTNES
– BKK, kanskje? Eg veit ikkje, det er sambuaren som ordnar slikt. Eg har ikkje gjort noko for å finne ut kven som er billig.



INGRID VESTVIK NILSEN (29), NESTTUN
– Det klarar eg ikkje hugse på ståande fot. Eg har sjekka på internett og drive å bytte leverandør nokre gongar, men veit ikkje kven eg har no.



TONE ØDEGAARD (41), STAVANGER
– Ja, vi har Lyse Energi. Vi har ikkje sjekka prisar dei siste åra, men gjorde det før vi valde Lyse for tre år sidan. Sånn er det vel med mange.

Betaler millionar for straum heilt unødige

Husstandar over heile landet betaler millionar av kroner ekstra fordi dei ikkje har skaffa seg fast kraftleverandør.

EYSTEIN RØSSUM
PÅL ANDREAS MÆLAND
ODD MEHUS (foto)
eystein.rossum@bt.no

BKK Nett er eitt av selskapa som fakturerer mest fordi kundane somlar med å teikne kontrakt med ein kraftleverandør.

Tal frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser at 10.460 kundar hos BKK Nett betalte mellom fem og ti øre ekstra for kvar kilowattime på ein tilfeldig valt dag for nyttår i fjor.

Til saman må desse husstandane på Vestlandet bla opp mellom seks og tolv millionar kroner meir enn dei treng for straumen.

Det er tre kundegrupper som hamnar på det nettselskapa kallar ventetariff:

- Dei som tek i bruk eit nytt el-anlegg, for eksempel fordi dei har bygd seg nytt hus.
- Dei som byter husvære.
- Dei som kraftleverandørane ikkje ønskjer å ha som kundar, fordi dei har hatt betalingsvanskar eller ikkje er kredittverdige.

Vestlendingane sløvast

Dersom desse kundane ikkje sørgjer for å teikne kontrakt med ein kraftleverandør, pliktar nettselskapa – som BKK Nett – å skaffe dei straum. Men dette tek dei ekstra betalt for: Dei første seks vekene er påslaget fem øre pr. kWh. Hos BKK Nett aukar det deretter til ti øre pr. kWh. Andre nettselskap

fakta

slik fungerer kraftmarknaden

- Forbrukarane kan sjølve velje kraftleverandør, uavhengig av kven som er netteigar eller produsent.
- Tilgang til leverandørane og transporten av den elektriske krafta får vi gjennom den lokale netteigaren. Dette selskapet eig og driv den delen av overføringsnettet som er kopla opp til din bustad.
- Kunden har rett til å gjere ein avtale om å kjøpe krafta frå ein tilgjengeleg leverandør. Netteigaren pliktar å føre krafta fram. For denne framføringa må kunden betale nettleige til netteigaren.
- Konkurransetilsynet har oppdaterte prisar for dei aller fleste kraftselskapa på sin heimeside www.konkurransetilsynet.no.
- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er regulerer kraftnettet. Dei fastset årleg ein ramme for kva inntekt netteigarane får lov til å sikre seg gjennom nettleige.

KJELDE: KONKURRANSETILSYNET

legg på enda meir på straumprisen.

Det er mange år sidan skiljet mellom kraftleverandørar og nettselskap vart innført. Målet var å skape ein kraftmarknad med reell konkurranse om kundane. Ønsket om ein fungerande marknad er også grunnen til at ventetariffen er så dyr: Målet er at forbrukaren aktivt skal velje kraftleverandør.

Likevel er det svært mange som framleis ikkje har fått med seg at det kostar dei dyrt å ikkje teikne kraftkontrakt.

Vestlendingane er blant dei aller sløvaste, viser NVEs statistikk: Så mange som 6,2 prosent av kundane til BKK Nett stod på den dyre ventetariffen ved årsskiftet.

NVE undersøkte i alt 28 nettselskapa landet over. Totalt stod 51.000 kundar på ventetariff. I løpet av eitt år betalte desse minst 30 millionar kroner i ekstraavgift.

Mange bryr seg ikkje

– Vi har absolutt ingen interesse av å ha kundar på denne tariffen. Vi skulle ønskje alle teikna kontrakt med ein kraftleverandør, seier divisjonssjef Petter Sandøy i kundedivisjonen til BKK Nett.

Ekstraintektene har dei ikkje glede av: Det er NVE som fastset kor store totalinntekter selskapet

får ha i nettleige i løpet av året. Dersom inntektene blir for store, skal dei først attende til kundane.

Sandøy meiner selskapet gjer det dei kan for å opplyse kundane om at dei betaler for mykje.

– Vi opplyser om dette på alle fakturaer, og vi skriv brev til kundane med jamne mellomrom, seier Sandøy.

Han blir stadig overraska over kor mange som ikkje bryr seg.

– Vi har ringt til store bedrifter i Bergen som har stått på ventetariff i mange månader. Ved eitt tilfelle fekk vi beskjed om ikkje å bry oss, seier divisjonssjefen.

NVE har pressa på for å nettselskapa til å informere betre, og har blant anna forfatta eit eige informasjonsskriv som skal gå ut til kundane.

– Vi ser at informasjonsbehovet er der. Somme selskap er flinkare til å informere enn andre, seier seksjonssjef Thor Erik Grammelvedt i kraftmarknadsseksjonen i NVE.

Av dei største nettselskapa tronar BKK Nett på topp når det gjeld kundar på ventetariff. Sandøy trur årsaka er at folk framleis assosierer BKK-namnet med rolla som kraftleverandør. Mange har ikkje fått med seg at denne biten av gamle BKK nå ligg hos Fjordkraft.

Straumkundar på ventetariff

Desse kundane betaler minst 5 øre ekstra pr. kWh fordi dei ikkje har teikna kontrakt med ein straumleverandør

Dei største på leveringsplikt

| Selskap | Talet på kundar |
|--------------------------|-----------------|
| 1 Hafslund Nett AS | 15.911 |
| 2 BKK Nett AS | 10.460 |
| 3 Lyse Elnett AS | 4.786 |
| 4 Agder Energi Nett AS | 3.778 |
| 5 Fortum Distribution AS | 2.040 |

Dei største etter % av talet på kundar på leveringsplikt

| Selskap | % av tal kundar |
|---------------------------|-----------------|
| 1 Hadeland Energi Nett AS | 8,7 % |
| 2 Hallingdal kraftnett AS | 7,4 % |
| 3 BKK Nett AS | 6,2 % |
| 4 Trønderenergi Nett AS | 4,9 % |
| 5 Ringerikskraft AS | 4,7 % |

Kjelde: NVE © grafikk@bt.no

– Og her skal vi vere heilt nøytrale. Vi er monopolist, og kan ikkje styre kundane over mot bestemte kraftleverandørar, seier Sandøy.

Forbrukarrådet: Ikkje synd på dei

Hos Forbrukarrådet meiner dei kundar som betaler for mykje stort sett har seg sjølve å takke.

– Dei som ikkje er vakne nok til å skaffe seg kraftleverandør, er det ikkje synd på. Dei må bli meir aktive, seier Olav Nyhus, fagan-


svarleg for straum og energi hos Forbrukarrådet.

Han meiner kombinasjonen av høge prisar og god informasjon er ein god måte å få kundane til å forstå at dei må finne seg ein kraftleverandør.

Dei einaste han har vondt av,

er kundar som har vanskar med å betale straumrekningane sine, og som kraftleverandørane difor ikkje vil ha som kundar.

– For desse er det uheldig at ventetariffen er mykje dyrare. Det er eit problem vi nå prøver å finne ei løysing på, seier Nyhus.



Skal bekjempe rynkerose i verneområder

OSLO: Bioforsk Midt-Norge får i oppdrag å lage utkast til en handlingsplan for bekjempelse av rynkerose (*Rosa rugosa*) i verneområder. Direktoratet for naturforvaltning (DN) har gitt oppdraget, og har skrevet kontrakt med en økonomisk ramme på 200.000 kroner. Forslaget til handlingsplan skal være ferdig innen 15. november i år. Bioforsk skal dokumentere artens biologi, økologi, spredning og naturlig utbredelse. Artens konkurransesterke sammenlignet med stedegen flora er også et tema, sammen med metoder for å bekjempe arten. NTB



Mann savnet ved Svartisen

MOSJØEN: En 50 år gammel mann fra Hongkong er meldt savnet ved Svartisen. Mannen var med i et følge på 18 turister som ble fraktet over et vann til brekanten. Da de skulle tilbake, manglet det én person. Turistene har ikke vært oppe på selve breen. – Noen av turistene gikk alene, og noen sammen. De andre så ikke at mannen var borte før de var nede igjen, sier Jakob Carlsen ved Hovedredningsentralen Nord-Norge. NTB